

Kjære 14-åring og foreldre/føresette!



Konfirmasjon i Hyllestad 2025 - 26

Kyrkja i Hyllestad inviterer til konfirmasjonsførebuing til alle som er fødte i 2011 om ein er medlem av Den norske kyrkja eller ikkje.

Konfirmasjon er ei oppfølging av det som skjedde i dåpen. Dei som ikkje vart døypt som born kan melde seg på førebuinga, men må døypast før ein blir konfirmert.

Dei som høyrer til eit anna kristen kyrkjesamfunn som den katolske kyrkja eller anna kyrkjesamfunn er hjarteleg velkomne.

Konfirmasjonstida er ei tid for fellesskap, vekst og mogning. Ein kan stille spørsmål, gjere seg opp meiningar og få høyre meir om den kristne trua. Sjekk gjerne ut korleis andre har opplevd å vere konfirmant på nettsida: www.konfirmant.no

Presentasjonsgudstenester er obligatorisk gudsteneste. Den vert 24.august kl:17.00 i Hyllestad kyrkje. Konfirmasjons-tidspunkta er siste helga i april og de to første i mai.

Foreldre kan gjerne komme til einigheit om ei felles konfirmasjonsgudsteneste i Hyllestad kyrkje.

Informasjonsmøte vert halde 11.juni kl. 1900 i Hyllestad kyrkje

For konfirmantopplegget er det ein eigenandel som dekker arrangementa utanom konfirmantundervisninga. Det inkluderer konfirmantfestival i Gaularhallen laurdag 25.10, konfirmantbok, Kick-off fredag 5.sept fra kl 1700, og weekend på Alværa 23-25.januar. Ikkje alle datoar er fastsett enno, men de skal få fullstendig plan ved byrjinga av konfirmantåret.

Påmelding

Elektronisk påmelding er open fom 1. juni til 15.august (www.hyllestad.kyrkja.no eller <https://minkirkeside.no/hyllestad>)

Beste helsing

Runar Matsui-Li
-sokneprest-